



Lærdal
kommune

Frå eldst til yngst

Samanhengen barnehage/skule-SFO og vidare
utdanningsløp



Siste revisjon 2023

Grøne
Lærdal

Innholdsliste

Innleiing	3
Mål for samarbeidet	4
Tilrettelegging ved overgangar	4
Korleis legg barnehagen til rette for ein god overgang	5
Siste året i barnehagen	5
Samarbeid med heimen	6
Korleis legg skulen til rette for ein god overgang	7
Samarbeid mellom skule og barnehage.....	7
Bli kjend med skule og SFO	8
Fadderordning	8
Samarbeid heim-skule	8
Den gode skulestarten	9
Overgangen for barn med særskilte behov	9
Årshjul for overgangen barnehage/skule i Lærdal kommune	10
Årshjul for overgang mellom skulane - ungdomsskulen.....	11
Årshjul for overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring	12
1.oktober søknad:	13
1.februar søknad:	13
Fortrinnsrett:	14
Individuell behandling:	14
Evaluering.....	16
Litteraturliste	17
Vedlegg 1	18
Vedlegg 2.....	19

Det er med lærdom som med mat,

ein treng litt kvar dag

Johan Fjellby

Innleiing

God samanheng i overgangar skal ivareta bornet sitt behov for tryggleik i overgangsprosessen og bidra til at opplæringa vert tilpassa enkeltbarnet allereie frå fyrste skuledag. Alle institusjonane i oppvekst og andre samarbeidande einingar har ansvar for å utvikle eit samarbeid som ivaretek samanhengen i opplæringsløpet.

Ansvar for samarbeid mellom barnehagen og skulen vert presisert i Barnehagelova § 2a, Opplæringslova § 13-5. Barnehage og skule får gjensidig plikt til å samarbeide om ein god overgang til skule og skulefritidsordning for barna. Regjeringa har dei siste åra teke grep for at barnehagar og skular skal gje like moglegheiter for alle. Jf. Blant anna St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen*, Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skulen og* Meld. St.6 (2019-2020) *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*

I følgje Kunnskapsdepartementet sitt rettleiingshefte (2008): *Frå eldst til yngst* er det viktig at vi erkjenner at overgangsprosessar er sårbare og kan støtte eller svekke eit barn si utvikling, sjølvbilde og livskompetanse. God samanheng skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i overgangsprosessen og bidra til at opplæringa vert tilpassa allereie frå første skuledag (Kunnskapsdepartementet, 2008).

Hovudmål med planen

Ein god samanheng mellom barnehage og skule, SFO og vidare i utdanningsløpet skal ivareta barna sine behov for tryggleik og gode opplevingar som fremjar lærelyst og forventningar.

Det å oppleve samanheng og gode overgangar gjev tryggleik i ein ny kvardag, og bidreg til tru på eigne krefter i møte med andre barn, læringsmiljø, lærarar og læringsarbeid i skulen.

Denne planen skal sikre at born i barnehagen og elevar i grunnskulen i Lærdal kommune skal få oppleve ein god overgang frå barnehage til skule og SFO, og gode overgangar vidare i utdanningsløpet.

Mål for samarbeidet

Eit godt samarbeid bygger på ei forståing og kunnskap om kvarandre sine likskapar og særpreg. For å få ein betre samanheng mellom desse to arenaene må ein bli kjende med kvarandre sine oppgåver og innhald. Då både barnehagen sin Rammeplan, læreplanverket i skulen og Rammeplan for SFO legg vekt på å sjå samanhengar. Planane peikar på tydinga av språkleg, sosial og kulturell kompetanse. Dei sju fagområda som vert presenterte i Rammeplanen for barnehagen, vil barna i stor grad seinare møte att som fag i skulen.

Rammeplan for barnehagen er ein *proessorientert* plan der det blir lagt vekt på at barn skal få mogelegheit til å få erfaringar, opplevingar og medbestemming. Dette i motsetnad til Kunnskapsløftet som er ein *resultatorientert* plan der ein møter konkrete kompetanssmål for kvart fag.

Det er særleg desse ulikskapane som kan verte utfordrande for barna ved overgangen frå barnehagen til skulen. Stortingsmelding 19, «Tid for lek og læring – betre innhald i barnehagen» seier at «Både barnehagen og skolen har sin eigenart og sitt særpreg. Formålsbestemmelsen for barnehagen understreker barndommens egenverdi og barnets behov for omsorg, trivsel og glede i lek og læring. Barnehagen skal være et trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal støtte barnets undring, utforskertrang og skaperglede» (Kunnskapsdepartementet, 2015/2016). Barnehagen og skulen har kvart sitt særpreg, som det er viktig å ta vare på.

I barnehagen er det òg større vaksentettleik slik at barna får meir merksemd, rettleiing, hjelp og støtte i leik, aktivitetar og læringsprosessar. Barna har og i stor grad høve til å medverke i kvardagen. Når barna kjem over i skulen vil barna oppleve at medverknaden vert innskrenka, noko barna kan oppleve frustrerande og utrygt.

Målet for samarbeidet er å gjere overgangen frå barnehage til skule og SFO trygg og god.

Tilrettelegging ved overgangar

Denne planen skal vere ein arbeidsreiskap som barnehagane og skulane vil ha nytte av for å gjere overgangen best mogeleg for barna. Med ein slik plan å arbeide etter, vil det ikkje vere avgjerande kven som arbeider med «Klubben» i barnehagen, med første klasse eller i 7.klasse på dei 2 skulane. Overgangen vil då bli mest mogleg lik for alle barna i Lærdal kommune.

Korleis legg barnehagen til rette for ein god overgang

Stortingsmelding 19 «Tid for lek og læring – bedre innhold i barnehagen» seier:

«I barnehagen og skolen skal barn og unge møte et innhold som betyr noe for livene deres her og nå, men som samtidig legger et solid fundament for fremtidig samfunns- og arbeidsliv. Barn og unge skal være aktive deltakere i egne læringsprosesser, de skal utfordres og erfare nytten og gleden ved å løse stadig mer avanserte problemer og finne tilfredsstillende svar. Fra barnehagen skal barn ha med seg grunnleggende sosiale, språklige og kognitive ferdigheter. I skolen vil elevene gå dypere inn i fagenes innhold, begreper og sammenhenger, og elevene vil i økende grad kunne bruke sin kompetanse til å tilegne seg mer kunnskap» (Kunnskapsdepartementet, 2015/2016).

Siste året i barnehagen

«Klubben» er møtepunktet for dei eldste barna, fem- og seksåringane, som skal starte i skulen. I denne gruppa skal ungane verte godt kjende med barn som dei skal gå på skule saman med. Gjennom året i Klubben skal barna òg verte kjende med skulen, læraren sin, øve seg på å vere i klasserom og arbeide ved ein pult. Og ikkje minst, det er læraren/ringeklokka som bestemmer med kva og kor lenge dei skal jobbe. Det er to barneskular og ein ungdomsskule i kommunen. «Klubben» på i Borgund barnehage og i Lærdalsøyri barnehage vil samarbeide og finne treffpunkt, slik at alle blir litt kjende med kvarandre, sjølv om det fyrst er på ungdomsskulen at dei skal gå saman.

«Klubben» skal ikkje vere ein "miniskule" der ungane berre øver på skulerelaterte ting. Dei skal fyrst og fremst lære ved å bruke kroppen sin, noko som er naturleg for barn i denne aldersgruppa, og ein nyttar lek som metode. Leiken er barnet si viktigaste kjelde til glede, oppleving og læring. Ein del av oppgåvene vil likevel vere i bøker og på ark. Dette har borna forventningar om, og er ei arbeidsform dei vil møte att på skulen.

«Leken er barns grunnleggende læringsform og skal ha en fremtredende plass i barnehagen. Barnehagelæreren skal tilrettelegge for gode pedagogiske prosesser som styrker og støtter barns læring og utvikling gjennom utfordrende og engasjerende aktiviteter som er tilpasset hvert enkelt barn. Skolen skal bygge på det fundamentet barna har med seg fra barnehagen. Det krever at barnehagen og skolen samarbeider, slik at de kjenner hverandres faglige vurderinger, arbeidsmåter og kulturer» (Kunnskapsdepartementet, 2015/2016).

Barnehagen har eit særleg fokus på det siste året i barnehagen gjennom aktivitetar i «Klubben» :

- **Venskap, gode relasjonar, inkludering:** Dette kan førebu eit godt klassemiljø. Me får eit godt innblikk i korleis gruppa er og korleis barna påverkar kvarandre. Dette vert grunnlag for vår anbefaling til skulen i høve kva barn som kan passe å sitje saman for å kunne klare å jobbe godt.
- **Sosial kompetanse, samhandling:** Barna klarer å samarbeide og samhandlar på ein god måte. Klarer å løyse oppgåver saman.
- **Konsentrasjon, klare å ta i mot ein beskjed, vente på tur:** Dette gjer overgangen til kva som er forventa i skulen litt lettare, då dei vil møte ein pult og sin eigen arbeidsplass.
- **Legge til rette for at barna skal verte mest mogleg sjølvhjelpne i kvardagslege aktivitetar:** På skulen er det færre vaksne.
- **Leiken som verktøy:** regelleikar, rolleleik, konstruksjonsleik, fri leik, fokus på samarbeid, samhandling, samspel, glede, språk.
- **Fagområde:** særleg fokus på språk, tekst og kommunikasjon, mengd, rom og form. Kjenne til bokstavar, teikne, leikeskrive, omgrep, tal og teljing.
- Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan utforske, leike, lære og sjølv skape noko gjennom digitale uttrykksformer. Barna får kjennskap til barnehagen og skulen si heimeside.

Samarbeid med heimen

Rammeplanen for barnehagen seier at «Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33)

Vedlagt planen ligg samtykkeskjema ved overgang barnehage - skule til foreldra og skjema til bruk på overgangssamtale ved overgang barnehage - skule.

I januar kallar barnehagen inn til foreldremøte. Her møter barnehage, skule og SFO og informerer om arbeidet med å trygge overgangen.

Korleis legg skulen til rette for ein god overgang

Fyrste skuledag er ein viktig merkedag i eit barn sitt liv. For dei fleste er det ein dag både barnet og foreldra ser fram til med forventning. Det er viktig med ein god start, og for at starten skal bli best mogleg for barna, er det viktig at samarbeidet mellom barnehage og skule, og skule og foreldre fungerer godt.

Overgangar og eit godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn er fastsett i *Prinsipper for opplæringa*, som er ein del av Læreplanverket. God samanheng mellom barnehage og skule skal ivareta barnet sitt behov for trygghet i overgangsprosessen og bidra til at opplæringa blir tilpassa enkeltbarnet allereie frå første skuledag.

For at skulen skal ha ein arbeidsplass som er tilpassa den enkelte sitt behov, og ha naudsynt utstyr på plass til skulestart, er det viktig at planlegginga byrjar i god tid før skulestart.

Samarbeid mellom skule og barnehage

For å få til eit tett og godt samarbeid, er det lagt til rette for faste møtepunkt mellom, og hospitering for, pedagogisk leiar for Klubben og den nye førsteklasselearen. For å trygge barna best mogleg er det naudsynt med kjennskap til og forståing for kvarandre sin eigenart. Den nye førsteklasselearen hospiterer delar av ein dag i Klubben, og pedagogisk leiar for Klubben hospiterer delar av ein dag på skulen og SFO. På denne måten blir personalet kjende med innhaldet, arbeidsformene, mandat og særpreg i kvarandre sine verksemdar og kan lettare leggje til rette for kvart einskild barn i overgangen.

I mai/juni vil det vere overgangssamtaler, der skulen får naudsynt informasjon, etter foreldresamtalke, om kva barnet kan og meistar og kva det kan trenge særskilt støtte til. At skulen får god informasjon om kvart barn før skulestart, kan bidra til at skulen betre kan leggje til rette for individuelle læringsløp allereie frå skulestart.

I oktober møtest førsteklasselearen og pedagog i Klubben til ein oppfølgingssamtale, der det blir gitt tilbakemelding til barnehagen om korleis skulestarten gjekk. I løpet av hausten besøker første klasse barnehagen, der dei helse på gamle kjende og får leike saman med dei andre barna.

Skulen og barnehagen har eit felles ansvar for at barna kan møte skulen med nysgjerrigheit og tillit til egne føresetnadar.



Bli kjend med skule og SFO

Tidleg i mai kjem Klubben på skulebesøk og får bli kjend med læraren (om det er klart), klasserommet, SFO-lokala, toalett plasseringa og uteområdet. Dei får øve litt på det å sitje ved sin eigen arbeidsplass. Denne dagen møter dei også fadrane sine. Dei kjem på nytt skulebesøk i juni, og øver meir på å sitje ved pulten, gjere oppgåver og trene på nokre klasseromsrutinar. Leik vil vere ein naturleg innfallsvinkel til barnas læring i fleire samanhengar.

I juni besøker Klubben også SFO. Det er viktig for barna at dei er kjende med SFO-lokala, dei tilsette og rutinar. For å trygge førsteklassingane i oppstarten på SFO-året, oppfordrar skulen foreldre til å følgje og vere med ei stund. SFO-året startar 1.august. Å starte på SFO før sjølv skulestarten, kan vere med å gjere overgangen mjukare og såleis trygge barna.

Fadderordning

Tidleg i mai møter barna fadrane sine. Fadrane er elevar i 3.klasse. Det kan være godt for barna å starte skulegangen med støtte frå ein som kjenner skulen frå før, og fadderordninga kan hjelpe dei med å etablere og utvikle nye vennskap. Skulen har fleire opplegg utover skuleåret der fadrane er med. Det er mykje trygghet for ein førsteklassing i at ein av dei litt større elevane er der og passar på og hjelper til i friminutt og på utedagar.

Samarbeid heim-skule

Det ligg ute informasjon om skulen og SFO på skulen si heimeside. I januar vil det bli sendt ut eit kort infoskriv om SFO, slik at foreldre kan gjere seg kjende med tilbudet før søknadsfristen 1. februar.

Det er felles foreldremøte mellom barnehagen og skulen i januar det året barna skal ta til i skulen. Det blir då informert om overgangen og delt ut innskrivingskjema. Foreldra vert så kalla inn til foreldremøte på skulen i månadsskiftet mai/juni. Dei får då møte kontaktlærar, SFO-leiar og eventuelt miljøarbeidar og PPT som informerer om sine område. Rektor informerer og avklarar forventningar. Foreldra tek opp spørsmål dei er opptatt av.

Første skuledag har rektor eit møte med foreldra med ny runde med informasjon, forventningsavklaringar, samarbeid heim-skule og gode tips til nye førsteklasseforeldre. Foreldra har høve til å stille spørsmål, og dei kan i etterkant få snakke med kontaktlærar om dei ynskjer det.

Tidleg i september blir det nytt foreldremøte. Det er viktig å bli kjende med kvarandre, og foreldremøta er ein god og nyttig møtestad også for dette føremålet. Etter nokre veker på skulen, har det kanskje dukka opp fleire spørsmål frå foreldra, og dei har no høve til å luften ulike tema. På dette møtet er det vanleg å etablere vennegrupper. Gjennom ordninga med vennegrupper blir foreldra kjende med dei andre barna i klassen. Slik er dei med og byggjer opp om eit godt elev- og læringsmiljø.



Den gode skulestarten

- Eleven møter vaksne som har positiv kontroll. Dei er tydelege, varme og venlege, samtidig som dei har klare forventningar til barnet, og set tydelege grenser. Proaktive vaksne har klare forventningar og reglar i staden for å irettesette i ettertid.
- Vi har fokus på meistring og barnet sine sterke sider. Barnet sitt beste og den einskilde sitt behov kjem alltid først. Alle elevar skal oppleve meistring. Samstundes skal den einskilde elev få utfordringar på sitt nivå. Vi møter barnet der det er. Vi byggjer på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen.
- Læreplanverket set tydelege og krevjande mål i dei ulike faga. Likevel står leik og leikprega læring sentralt dei første åra. Det er både styrt og fri leik, ute og inne. Det gode elev- og klassemiljøet byggjer vi mellom anna opp gjennom sosialt samspel.
- Barnet har høve til medverknad når det gjeld arbeidsmåte, leik og anna aktivitet, og tema innanfor interesseområdet sitt.
- Vi lagar klassereglar saman og øver inn gode rutinar.
- Det er fleire felles opplegg med fadrane, m.a. har vi fleire utedagar saman. Slik blir dei trygge på "hjelparane" sine.
- I august er det grillfest for heile småskulen. Her er det fokus på sosialt samvere, og dette er ein arena for å bli kjend med og trygg på medelevar.
- Om hausten har vi Venskapsveka, som omfattar 1.-10.klasse. Dette er ein ny og større arena for å bli kjend med skulen, dei tilsette og medelevarane.
- Vi "skundar oss langsamt".

Overgangen for barn med særskilte behov

Barn med særskilte behov sin overgang til grunnskulen må planleggast i god tid, helst **eitt år i førevegen** og i samarbeid med foreldre/føresette. Ved funksjonshemmingar bør samarbeidet starte tidlegare. Dette på grunn av at barn med nedsett funksjonsevne har andre føresetnader enn mange andre barn, og då krev skulestart ei grundigare planlegging. I nokre høve må kanskje fysiske tilhøve endrast på. Årshjulet som ligg i PPT – Indre Sogn sitt rutinehefte skal nyttast i dette arbeidet.

Årshjul for overgangen barnehage/skule i Lærdal kommune

NÅR	KVA	INNHOLD	ANSVARLEG
August (året før skulestart)		Planlegge, gjennomføre og dokumentere arbeidet i «Klubben»	Pedagog i «Klubben»
Oktober	Foreldremøte i barnehagen	Informasjon om arbeidet i «Klubben»	Pedagogisk leiar
Oktober	Møte PPT, rektor og styrar.	Melde frå om barn med særlege behov for ekstra ressursar.	Styrar
November			
Desember			
Januar ca.v3	Foreldremøte	Informasjon frå skule, barnehage og SFO. Innskrivingskjema utdelt.	Hovudansvar Styrar i samarbeid med rektor
Februar	Hospitering pedagogar	Ny førsteklasselærer og pedagogisk leiar hospiterer delar av dag i kvarandre sin organisasjon	Ny førsteklasselærer og pedagog avtalar.
Februar	Første klasse på besøk til barnehagen	Første klasse på besøk i barnehagen med hovudvekt på å besøke «Klubben»	Hovudansvar: Pedagog i «Klubben», i samarbeid med førsteklasselærer
April	Utedag	Felles dag/utedag for begge «Klubbane» (Borgund og Lærdalsøyri)	Hovudansvar: Pedagog i «Klubben» på Lærdalsøyri, i samarbeid med Pedagog i «Klubben» på Borgund.
Mai	Skulebesøk m/faddermøte	Skulebesøk den veka 7.kl er på leirskule. Møte fadrane, bli kjent med klasserom, wc, SFO mm.	Hovudansvar: Tredjeklasselærarar, i samarbeid med pedagog i «Klubben»
Mai	Enkeltvedtak		Rektor
Mai/juni Mai/juni	Overgangssamtalar	Informasjon frå barnehagen til skulen	Ny førsteklasselærer

Mai/juni	Foreldremøte	Møte med nye førsteklasseforeldre på den einskilde skule	Rektor
August	Tilvenning/start SFO Skulestart	Dei barna som skal ha SFO bør byrja 1/8 for gradvis tilvenning og trygging	SFO-leiar Rektor
September	Foreldremøte Første klasse på besøk til barnehagen	Treffe dei som dei gjekk i barnehagen med.	Kontaktlærer Førsteklasselærer tek kontakt med pedagog på avdelingane
Oktober	Oppfølgingsamtale	Skulen gjev melding attende til barnehagen om skulestart. Sikring/evaluering av arbeidet som er lagt ned i barnehagen.	Kontaktlærer for førsteklasse

Årshjul for overgang mellom skulane - ungdomsskulen

I januar startar samarbeidet mellom kontaktlærarane i 7.klasse på dei to skulane i Lærdal. Dei avtalar besøk og får bli kjende med medelevarane sine, skulen m/omvisning, toalett plasseringa og uteområdet. I mai er det eit mål at kontaktlærer for 8.klasse og klasseroms plassering skal vere klart.

Det er lagt til rette for «juniorklubbtilbod» i regi av ungdomsklubben for å trygge overgang til ungdomsskulen og etablere kontakt mellom ungdommane og dei tilsette på ungdomsklubben. Oppsdtart er lagt til oktober.

Januar / Februar	Hospitering LØS	7.klasse på Borgund kjem ned på Lærdalsøyri skule	Hovudansvar Kontaktlærarane I samråd med rektorane
Mai	Leirskule		Hovudansvar: Kontaktlærarane i samråd med rektorane

Mai/Juni	Foreldremøte for kommande 8.klassingar	Informasjon om valfag Elevane deltek på dette møte	Rådgjevar i samråd med rektor
	Overgangssamtalar mellom kontaktlærarane		Kontaktlærarane på dei to skulane I samråd med rektor

Årshjul for overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring

Alle elevane i 8.-10. klasse har timeplanfesta utdanningsval med eigen læreplan og hospitering i vidaregåande opplæring og arbeidspraksis i bedrift. Det vert gjennomført karrieresamtalar med rådgjevar og kontaktlærar på vårpart i 9.klasse og i 10.klasse

NÅR	KVA	INNHALD	ANSVARLEG
August (året før skulestart)	10.klasse Skoletesten.no og vilbli.no Utdanning.no Kristiania.no Tidstaxi jobbkompasset	Bli kjende med nettressursar	Rådgjevar
Oktober	«Stolt Lærdøl»	Prosjektarbeid	Rådgjevar
Oktober	Førebuing til hospitering og arbeidspraksis Hospitering og arbeidspraksis	Repetisjon og informasjon	Rådgjevar Kontaktlærarane
November	Etterarbeid hospitering og arbeidspraksis	Presentasjon	Rådgjevar
Desember	Mi framtid/etikk og moral	Arbeid med presentasjonsmappa og søknad og CV	
Januar ca.v.4(-11)	<u>8.klasse</u> Informasjon om dei 15 utdanningsprogramma <u>10.klasse</u> Vigo.no – søknad til vgs		Rådgjevar
Februar	<u>10.klasse</u> Informasjon Lære sitt eige personnr.	Revidere søknad og CV til ev sommarjobb	Rådgjevar

Mars	Bedriftsbesøk	Bli kjent med bedrifter i Lærdal	Rådgjevar
April	Entreprenørskapsmesse		Rådgjevar Kontaktlærarane i 9.klasse Rektor
Mai	Jobbskugging		

1.oktober søknad:

I 9.klasse vert elevar med spesielle behov vurdert om dei kvalifiserar for 1.oktober søknad.

Det er søkjarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-151 Det er to vilkår som må vere oppfylte for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

1. Omfattande behov for spesialundervisning. Når ein skal vurdere behovet skal ein sjå på innhald, omfang og organisering i spesialundervisninga, og kva type kompetanse som trengs i opplæringa.
2. Særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram. Inntak til eit særskilt utdanningsprogram skal kunne betra søkjaren sin sjanse for fullføring med yrkes- eller studiekompetanse.

Det er få elevar som kjem inn i denne kategorien i fjor var det 3-4 elevar i Vestland fylke.

1.februar søknad:

Det vert vurdert om det er elevar i 9.klasse som kvalifiserer for 1.februar søknad. Men det er viktig å vite at dette ikkje er noko eksakt vitenskap og at konklusjonen frå vårsemestre kan endre seg i haustsemestre i 10.klasse. Det vert sett opp møte med elev, foreldre, kontaktlærer, PPT og eventuelt BUP i haustsemestret. Det er ein fordel at rådgjevar er med eller at foreldre og elev har eige møte med rådgjevar.

Det er eleven som vert sett i sentrum, slik at det er alltid viktig å lytta til eleven om kva eleven ynskjer. Dersom eleven har svært usannsynlige ynskjer skal eg som rådgjevar realitetsorientera dei. Men det er eleven og foreldra som bestemmer kva dei tenker er best. Når dei har bestemt seg for eit utdanningsløp er det min jobb å bistå dei med søknaden og alle papira som skal med. Det vert avtalt eit eige møte for dette med foreldra/elev og rådgjevar. PPT kan også vera med om foreldra ynskjer det.

Søknadsfristen for disse søkjargruppene er 1. februar. Vi kan dele søkjarar til 1. februar i to grupper (sjå forskrift til opplæringslova § 6-8): 1. Søkjarar med fortrinnsrett 2. Søkjarar til individuell behandling (inkl. minoritetsspråklege søkjarar) A

Fortrinnsrett:

B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-172 (Vg1) Denne føresegna gjeld for elevar med rett til spesialundervisning, og som har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne. For denne gruppa er som regel organisering av opplæringa viktigare enn val av utdanningsprogram.

C. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-172 (Vg1) Denne føresegna gjeld for elevar med rett til spesialundervisning, og som har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne. For denne gruppa er som regel organisering av opplæringa viktigare enn val av utdanningsprogram.

Individuell behandling:

A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-225 Vilkår for denne søknadskategorien er vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Vedlegg til digitalt vedleggskjema • Siste sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule, som gjeld for 10. trinn. • Enkeltvedtak om spesialundervisning for 10. trinn • Siste IOP. • Fråsegn frå avgjevarskule om eleven sine tilretteleggingsbehov. • Eventuelt karakterutskrift frå 8. og 9. klasse.

B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-386 Dette gjeld søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt. Vilkåra er tungtvegande grunnar for søknaden, og at søkjar har eit særleg behov for å bli behandla individuelt. Dette kan til dømes gjelde elevar som har ein kronisk sjukdom, eller av andre særlege grunnar ikkje har fått karakterar det siste året.

Avhengig av kva konkusjon ein kjem fram til starter overgangen mellom skulane, for nokre elevar vert det teke kontakt med mottakaraskule i januar for at eleven skal få ei eiga mottakar gruppe på vgs. Det er rådgjevar som tek kontakt med rektor, spes.ped koordinator, rådgjevar. Slik at både foreldre og elev er trygg og klar til ny skule i august. Det vert da eit møte med dei som er involvert frå grunnskulen og mottakaraskule, så utarbeider dei ein plan for vårhalvåret med besøk og bli kjent runde. Kor mange det vert av slike er avhengig av eleven og teamet rundt.

For dei elevane som ikkje skal ha/trenger lika mykje ressursar/tilpassningar er det vgs som tek kontakt for å få overgangsmøte med elev/foreldre. Dei tek kontakt for møte litt avhengig av kva informasjon som er lagt ved eleven i søknaden.

I tillegg har sped-ped koordinator på vgs også spørsmål om elevar som vert søkt inn 1. mars. Dersom spes.ped. koordinator meiner at det er eit behov for eit møte med foreldre og elev for dei som er søkt inn med noko sped.ped. Vert det også organisert møte med dei elevane også. På desse møta møter spes.ped vgs, elev, foreldre og kontaktlærar.

I tillegg har me minoritetsspråklege søkjarar :

Grunnskuletilbod til søkjarar med kort butid i Norge (Kombinasjonsklasse) Nokre kommunar i Vestland fylke har samarbeidsavtale med fylkeskommunen om å tilby grunnskuleopplæring i «kombinasjonsklassar». Dette tilbodet passar for dei som treng meir opplæring i grunnskulefaga på norsk før dei byrjar i vidaregåande opplæring.

Desse levane har etter norsk lov, rett til å gå direkte inn i vgs. Slik at det har blitt rådgjevar sin jobb å forklare elevane kvifor det er lurt å ta eit år på kombinasjonsklasse for å styrke norsk kunnskapen. Dette har med at elevane bør ha A2 norsknivå når dei søker seg inn på kombinasjonsklasse og B1 for vgs. I fjor fekk eleven vår A2 på 2 av norsk eksamen og A1 på to. Det er ikkje godt nok for inntak til kombinasjonsklasse. Slik at da ringte eg til fylkeskommunen og ba dei om å ta imot eleven uansett, fordi vgs ville bli for vanskelig. Eleven fekk plass, men det var fordi det var ledig plass.

For nokre elevar som ein er bekymra for, hender det at eg snakkar med OT for å få råd om kva tiltak ein kan gjera. Enkelte elevar slit ein periode på ungdomsskulen, slik at det er viktig å møta dei der dei er. Til tider vert ungdomsskulen for teoritung for nokre av elevane.

For nokre av desse elevane, vert løysinga å gi dei tilbod om arbeidspraksis ein dag i veka. For nokre elevar vert det eit 6 vekers tilbod og kanskje fleire arbeidspraksiser. For andre igjen vert det til slutt alternativ opplæringsarena. Det er fleire bedrifter i Lærdal som er flinke til å ta imot skule elevar. Som Monter, Kiwi; Coop, Voll Lunde, Brugrand, BME, Tømrrar Kjell Olav Bjørkum for å nevne nokre.

Det er sikkert noko eg ikkje har nevnt no og det er sikkert mykje som kan gjerast bedre. Så tek gjerne imot gode innspel.

Lenkje til oppdatert informasjon for søknadsåret 2022/23

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/informasjon-om-inntak-til-1.-februar.pdf>

og

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/inntak/>

Evaluering

Det er viktig å evaluera planen regelmessig for å kunne forbetre den, slik kan ein auke kvaliteten på det arbeidet me gjer. Evaluering er ein læreprosess som gjev ein peikepinn på kva som bør endrast for å nå måla som er sett.

Planen «Frå eldst til yngst» er evaluert og revidert i januar 2022. Revidert plan vert seinare evaluert annakvart år.

Det er naturleg at alle som arbeider etter planen, er med og evaluerer.

Litteraturliste

Kunnskapsdepartementet (2008) *"Frå eldst til yngst"*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet (2006) *Kunnskapsløftet*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet (2006/2007) Stortingsmelding nr16 ... og ingen stod igjen. Oslo.

Kunnskapsdepartementet (2015/2016) Stortingsmelding nr19. Tid for lek og læring - bedre innhold i barnehagen. Oslo.

Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplan for barnehagen. Innhold og oppgaver*.

Vedlegg 1 (ligg inne i elektronisk skjema – innskriving grunnskule-treng ikkje fyllast ut)

Samtykkeskjema overgang barnehage – skule

For at barnet ditt skal få ein trygg og god start på skuletida, er det viktig at barnehagen formidlar kunnskapen sin om barnet dykkar.

Informasjon om samtykke

Tilsette i barnehage, skule og SFO er underlagt teieplikt i forhold til Forvaltningslova § 13.

Barnehagen kan berre utveksle informasjon om barnet dykkar når de har gitt samtykke til dette. Samtykket skal være «informert». (Unntak: Informasjon som er naudsynt for å redde liv og helse).

Eit informert samtykke inneber at føresette er gitt informasjon om:

- kva for opplysningar som skal utvekslast,
- korleis opplysningane skal nyttast,
- moglegheita til å nekte at opplysningar om spesielle forhold utvekslast,
- at spesielle fagmiljø eller einskiltpersoner får bestemte opplysningar

Mangel på samtykke kan få konsekvensar for tilrettelegging av skule- og SFO tilbodet til ditt.

I samband med at barnet mitt skal ta til i skulen, samtykker eg til at barnehagen kan informere og drøfte med skulen og SFO korleis det best kan leggjast til rette for barnet mitt:

- Barnet sine sterke sider
- Barnet sine interesser i forhold til leik og aktivitetar
- Barnet si sosiale kompetanse
- Barnet si språklege kompetanse
- Andre aktuelle områder barnehagen ser det er viktig at skulen og SFO er informert om

Namn på barnet: _____

Barnehage: _____

Lærdal: _____

Foresatt

Foresatt

Samtykkeskjema leverast til barnehagen før overgangssamtale

Vedlegg 2Skjema til bruk på overgangsamta
barnehage – skule

Overgangsamtale mellom pedagogisk leiar, kontaktlærar og SFO leiar

For : _____

Barnet sitt namn og fødselsdato

1.	Barnet sine sterke sider
2.	Barnet sine interesse i forhold til leik og aktivitet

3.	Barnet sin sosial kompetanse
4.	Barnet sin språklege kompetanse

5.	Andre aktuelle område barnehagen meiner det er viktig at skule og SFO kjenner til
----	--

Samtalen er gjennomført av:

Pedagog, Lærdalsøyri barnehage

Lærer, Lærdalsøyri skule

Dato for gjennomføring av samtale